

KOMMISJONSVEDTAK

av 4. oktober 1996

**om utarbeiding av lista over byggjevarer som høyrer inn under klasse A
«Bidrar ikke til brann» i vedtak 94/611/EF om gjennomføring av artikkel
20 i rådsdirektiv 89/106/EØF om byggevarer(*)**

(Tekst som er relevant for EØS)

(96/603/EF)

**KOMMISJONEN FOR DEI EUROPEISKE FELLESSKAPA
HAR -**

med tilvising til traktaten om skipinga av Det europeiske fellesskapet,

med tilvising til rådsdirektiv 89/106/EØF av 21. desember 1988 om tilnærming av medlemsstatenes lover og forskrifter om byggevarer⁽¹⁾, endra ved direktiv 93/68/EØF⁽²⁾,med tilvising til kommisjonsvedtak 94/611/EF av 9. september 1994 om gjennomføring av artikkel 20 i direktiv 89/106/EØF om byggevarer⁽³⁾, særleg artikkel 1 nr. 1, og

ut frå desse synsmåtane:

I artikkel 3 nr. 2 i direktiv 89/106/EØF er det fastsett at det for å ta omsyn til moglege skilnader i vernenivå på nasjonalt, regionalt eller lokalt plan kan gjevast høve til å dele kvart grunnleggjande krav inn i ytingsklassar i basisdokumenta og i dei tekniske spesifikasjonane.

I medhald av punkt 4.2.1 i basisdokument nr. 2 «Brannsikring» i kommisjonsmelding om basisdokumentene til rådsdirektiv 89/106/EØF⁽⁴⁾, kan det fastsetjast ulike nivå for det fastsett at det skal utarbeidast ei harmonisert løysing som gjer det mogleg å vurdere kva yting varene har ved brannpåverknad. Løysinga kan innebere bruk av forsøk som skjer i full skala eller i laboratorium, og som svarer til aktuelle scenario frå verkelege brannar.

Denne løysinga kjem inn under eit klassifiseringssystem som ikkje er fastlagt i basisdokumentet, men som vart vedteke ved vedtak 94/611/EF.

I klassifiseringssystemet i vedtak 94/611/EF vart kategorien «Bidrar ikke til brann» skipa med sikte på å dekkje byggjevarer som det ikkje er naudsynt å prøve ytinga ved brannpåverknad for, og som er oppførde i klasse A i tabell 1 og 2, og dessutan i tabell 1 i «liste over ikke-brennbare varer».

I artikkel 20 nr. 2 i direktiv 89/106/EØF er det fastsett kva framgangsmåte som skal nyttast for å vedta dei føresegnene som er naudsynte for å skipe klassar av krav når slike ikkje inngår i basisdokumenta.

Dei tiltaka som er fastsette i dette vedtaket, er i samsvar med fråsegna frå Det faste byggjeutvalet -

GJORT DETTE VEDTAKET:**Artikkel 1**

Dei materiala som er oppførde i vedlegget til dette vedtaket, og byggjevarer som er framstilte av dei, skal på grunn av den låge brenneevna si og på dei vilkåra som òg er oppførde i vedlegget, klassifiserast i klasse A («Bidrar ikke til brann») i tabell 1 og 2 i vedlegget til vedtak 94/611/EF.

For føremålet med denne klassifiseringa er det ikkje påkravd at materiala og byggjevarer som er framstilte av dei, vert prøvde med omsyn til yting ved brannpåverknad.

Artikkel 2

Dette vedtaket er retta til medlemsstatane.

Utferda i Brussel, 4. oktober 1996.

For Kommissjonen

Martin BANGEMANN

Medlem av Kommissjonen

(*) Denne EF-rettsakten, kunngjort i EFT L 267, 19.10.1996, s. 23, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 51/98 av 29. mai 1998 om endring av EØS-avtalens vedlegg II (Tekniske forskrifter, standarder, prøving og sertifisering), se denne utgaven av EØS-tillegget til De Europeiske Fellesskaps Tidende.

⁽¹⁾ TEF nr. L 40 av 11.2.1989, s. 12.

⁽²⁾ TEF nr. L 220 av 30.8.1993, s. 1.

⁽³⁾ TEF nr. L 241 av 16.9.1994, s. 25.

⁽⁴⁾ TEF nr. C 62 av 28.2.1994, s. 1.

VEDLEGG

Materiale som skal klassifiserast i brannmotstandsklasse A i vedtak 94/611/EF utan at prøving er naudsynt

Allmenne merknader

Byggjeverer som skal klassifiserast i klasse A utan prøving, bør vere framstilte berre av eit eller fleire av dei materiala som er oppførde nedanfor. Varer som er framstilte ved å lime saman eit eller fleire av materiala nedanfor, skal klassifiserast i klasse A utan prøving, på det vilkåret at limet utgjer høgst 0,1 % etter vekt eller volum (den lågaste verdien skal nyttast).

Plater (t.d. av isolasjonsmateriale) som har eitt eller fleire organiske lag, eller varer som inneheld eit organisk materiale som ikkje er jamt fordelt (bortsett frå lim), er ikkje tekne med i lista.

Varer som er framstilte ved å dekkje eit eller fleire av materiala nedanfor med eit uorganisk lag (t.d. varer som er dekte med eit vernande lag av metall), kan òg klassifiserast i klasse A utan prøving.

Materiala i tabellen kan ikkje innehalde meir enn 1,0 % jamt fordelt organisk materiale etter vekt eller volum (den lågaste verdien skal nyttast).

Materiale	Merknader
Ekspandert leire	
Ekspandert perlitt	
Ekspandert vermikulitt	
Mineralull	
Skumglas	
Betong	Omfattar ferdigblanda betong og prefabrikkerte varer av armert og spennarmert betong
Betong med tilslag (lette mineraltilslag med låg tettleik, utan integrert varmeisolasjon)	Kan innehalde hjelpestoff og tilsetjingsstoff (t.d. flygeoske), pigment og andre materiale. Omfattar prefabrikkerte element
Element av trykkerda lettbetong	Element som inneheld hydrauliske bindemiddel, t.d. sement og/eller kalk, blanda med finmateriale (kiselhaldige materiale, flygeoske, masomnslag) og luftporedannande materiale. Omfattar prefabrikkerte element
Fibersement	
Sement	
Kalk	
Masomnslag/flygeoske	
Mineraltilslag	
Jarn, stål og rustfritt stål	Ikkje i findelt form
Kopar og koparlegeringar	Ikkje i findelt form
Sink og sinklegeringar	Ikkje i findelt form

Materiale	Merknader
Aluminium og aluminiumslegeringar	Ikkje i findelt form
Bly	Ikkje i findelt form
Gips og gips puss	Kan innehalde tilsetjingsstoff (retarderingsmiddel, fyllstoff, fibrar, pigment, kalsiumhydroksid, hjelpestoff og mjuknarar, stoff som held på luft og på vatn), tilslag med låg tettheit (t.d. naturleg eller knust sand) eller lette tilslag (t.d. perlitt eller vermikulitt)
Mørtel som inneheld uorganiske bindemiddel	Pussmørtel og golvmørtel basert på eitt eller fleire uorganiske bindemiddel, t.d. sement, kalk, mursement og gips
Element av leire	Element av leire eller andre leirhaldige materiale, med eller utan sand, brennbare stoff eller andre tilsetjingsstoff. Omfattar teglstein, fliser og element av eldfast leire (t.d. skorsteinsfôringar)
Element av kalsiumsilikat	Element framstilte av ei blanding av kalk og naturlege kiselhaldige materiale (sand, kiselhaldig grus eller stein, eller blandingar av desse materiala). Kan omfatte fargestoff
Varer av naturstein og skifer	Element av skifer eller naturstein som er tilarbeidde eller ikkje (størkningsbergarter, sedimentære bergarter eller omdanna bergarter)
Element av gips	Omfattar blokker og andre element av kalsiumsulfat og vatn som kan innehalde fibrar, fyllstoff, tilslag og andre tilsetjingsstoff, og eventuelt fargestoff
Terrasso	Omfattar prefabrikkerte terrassofliser av betong og golvdekket lagt på staden
Glas	Omfattar varmeforsterka glas, kjemisk herda glas, laminert glas og trådglass
Keramisk glas	Keramisk glas av krystallinsk glas og restglas
Keramikk	Omfattar tørrpressa og våtpressa varer, glaserte eller uglaserte